



## INNKALLING TIL STYREMØTE

|              |                           |
|--------------|---------------------------|
| <b>Stad:</b> | Fjell rådhus, komitesalen |
| <b>Dato:</b> | 15. september 2014        |
| <b>Tid:</b>  | 11:30 – 13:30             |

### SAKSLISTE

|       |  |                      |
|-------|--|----------------------|
| 15/14 | <b>Referat frå møtet 19.05.14</b>  | Vedl 1               |
| 16/14 | <b>Orienteringar</b><br><br>11:30 – 11:50 Framtidig organisering av reiselivet i Hordaland v/Marta Rongved Dixon – Hordaland Fylkeskommune<br><br>Med utgangspunkt i den forrige regjeringa sitt forslag til ny reiselivsstrategi "Destinasjon Norge" vart det sett i gong prosesser for å utvikla ny struktur for organisering av selskap som utfører tradisjonelle fellesoppgåver i reiselivet; som marknadsføring, produktkoordinering og vertskapsfunksjonar.<br><br>Hordaland fylkeskommune som oppdragsgjevar på vegne av Forum Reiseliv, engasjerte Kaizen AS for å laga eit forslag til ny struktur for organisering av reiselivet i Hordaland basert på ei analyse av situasjonen i dag og framtidige behov.<br>Framlegg i rapporten legg opp til at reiselivet i vårt fylke vert organisert i 3 regioner i Hordaland; Voss, Hardanger og Bergensregionen.<br>Vedlagt dokument er eit utkast til kva som vil kunne vera ein framtidig organisering av reiselivet i «Region Bergen»<br><br>11:50 – 12:10 Frisklivs- og meistringssenteret v/Anita Alvheim<br>Frisklivs- og meistringssenteret er kommunane sin ressurs i opplæring av innbyggjarar med kronisk sjukdom. Målet er at brukarane får innsikt i eigen helsetilstand og livsstil sånn at det påverkar diagnose og helsetilstand positivt i form av betre helse, betre meistring av eige liv og færre sjukehusinnleggingar og polikliniske konsultasjonar.<br><br>12:10 – 12:30 Prosjektet «Trygge kvinner i ei moderne barselomsorg» v/Marta Svarstad – Helse Bergen<br>Gjennom prosjektet «Trygge kvinner i ei moderne barselomsorg» ønsker kommunane Fjell, Sund og Øygarden i samarbeid med Kvinneklinikken på Haukeland universitetssjukehus å prøva ut ein ny og framtidsretta modell for barselomsorg. Tilbodet inneber eit | Vedl 2<br><br>Vedl 3 |

|       |  |        |
|-------|--|--------|
|       | <p>interkommunalt samarbeid om jordmortenesta med oppfølging i barseltida. Kvinner med barn der det etter fødsel ikkje er behov for spesiell oppfølging i sjukehus, kan få tilbringa barseltida heime. Der vil dei få tett og individuelt tilpassa oppfølging og rettleiing av kjent og lokal jordmorteneste. Prosjektet byggjer vidare på dei gode erfaringane som er hausta gjennom «JordmorHeim i Fjell» i dag og søker mellom anna å utvida dette tilbodet til også å vera tilgjengeleg for brukarane på kveldstid og på laurdagar.</p>  |        |
| 17/14 | <p><b>Status - søknader vedkommande Fylkesmannen sine skjønsmidlar</b></p> <p>Regionrådet Vest prioriterte og sendte inn samla 12 søknader på Fylkesmannen sine utlyste skjønsmidlar 2. juni 2014. Fylkesmannen har behandla søknadene og 6 av dei vart tildelt midlar:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kompetansehevingsmidlar for politisk og administrativ leiing i høve kommunereform – kr 800.000,-</li> <li>2. Bygningsvernkonsulent i Region Vest - vidareføring – kr</li> <li>3. Vidareutvikling av Frisklivs- og meistringssenter – kr</li> <li>4. Regionale tiltak barnevern – kr</li> <li>5. Debatt og opplevelser på tvers - kr</li> <li>6. Frisklivssentralen på Askøy – kr</li> </ol> <p>Desse fem søknadene er samarbeidsprosjekt mellom alle fire kommunane.</p> | Vedl 4 |
| 18/14 | <p><b>Drøfting – Organisering av prosjektet <i>Kompetanseheving for politisk og administrativ leiing – kommunereform</i></b></p> <p>Stig-Arne Thune og Siri Fahlvik Pettersen presenterer <u>framlegg</u> til organisering av prosjektet utarbeidd i rådmannsmøte.<br/>Styret drøftar framlegget og tek stilling til vidare framdrift.</p>   |        |
| 19/14 | <b>Ymse</b>  |        |



## REFERAT FRÅ STYREMØTE

|                     |  |
|---------------------|--|
| <b>Stad:</b>        | Rådhuset på Rong – Øygarden kommune  |
| <b>Dato:</b>        | <b>19. mai 2014</b><br>11:00 lunsj - møtestart 11:30 – 13.00   |
| <b>Desse møtte:</b> | Ordførar i Fjell: Eli Berland, varaordførar i Sund: Jørgen Kausland, ordførar i Øygarden: Otto Harkestad<br>Rådmann i Øygarden: Siri Fahlvik Pettersen, rådmann i Fjell: Steinar Nesse, assisterande rådmann i Askøy: Marit Rinnan, Rådmann i Sund: Stig Arne Thune,<br><br>Frå sekretariatet: Grethe Bergsvik og Vigleik Brekke |
| <b>Forfall:</b>     | Ordføraren i Sund: Nils Kåre Skoge, ordføraren i Askøy: Siv Høgthun og rådmannen i Askøy: Odd Magne Utkilen  |
| <b>Andre:</b>       | Ine Sture, Gerhard Inge Storebø og Åsta Årøen (alle orienterte om sine prosjekt – sjå under)   |

## REFERAT

|       |   |
|-------|---|
| 08/14 | <b>Referat frå møtet 10.02.14</b><br>Innkalling, saksliste og referat vart godkjent med merknad om at rapporten frå IKT-rådet også skulle vore lagt fram for rådmannsmøtet.   |
| 09/14 | <b>Fylkesmannen sin modell for tildeling av skjønsmidlar til omstilling og fornying</b><br><br>Det låg føre fleire søknader frå vår region, nokre omfatta alle kommunane og nokre gjaldt berre for den einskilde kommune. Desse skal styret vurdere og prioritere før dei saman med eit brev skal sendast til Fylkesmannen som skal stå for tildeling.<br>Fylkesmannen vil for 2014 prioritere desse områda:<br>1. Kommunal organisering - kommunestruktur<br>2. Plan- og byggесak <ul style="list-style-type: none"><li>• by- og tettstadsutvikling</li></ul><br>3. Folkehelse - samhandlingsreform<br>4. Miljøvern<br>5. Interkommunalt brann- og beredskapssamarbeid<br>6. Barnehage og utdanning<br>7. Elektronisk dokument utveksling (EDU)<br>8. Kompetanseutvikling<br>9. Andre føremål – ymse<br><br>Det er første gang at styra i regionråda skal prioritere desse søknadane. Den korte fristen frå ordninga vart innført og informert om frå Fylkesmenna til søknadene skal sendast inn har gjort prosessen vanskelegare enn tidlegare år.<br><br>Rådmanna har i sitt møtet gått igjennom søknadane og kome med framlegg til prioritering. Styret slutta seg til framlegget frå rådmannsmøtet om å prioritere søknadene slik: |

|       |   |
|-------|---|
|       | <p>Prioritet 1: alle søknadene med prosjekt der alle 4 kommunane er deltagarar<br/>     Prioritet 2: alle søknader med prosjekt der 2 eller 3 kommunar er deltagarar<br/>     Prioritet 3: søknader med prosjekt frå ein skild kommunar</p> <p>Styret i Regionrådet Vest samla seg vidare om at rådet må søkje støtte til administrativ og politisk kompetanseheving på kva som ligg i kommuneproposisjonen om kommunestruktur.</p>   |
| 10/14 | <p><b>Orienteringar</b></p> <p><b>Forprosjekt – interkommunalt bustadsamarbeid innan psykisk helse v/Ine Sture</b><br/>     Prosjektet er avslutta og rapport sendt ut til Regionrådet Vest.</p> <p>Bakgrunn for prosjektet er at det er store utfordringar med å skaffe bustad til menneske med alvorleg og samansett psykisk sjukdom. Prosjektet skulle vurdere ulike buformar, omsorgsbustad eller institusjonar.</p> <p>Totalt er det 485 tenestemottakarar i regionen.</p> <p>Utfordringar for tenesta er at mottakarane kan ha dobbeltdiagnosar, langvarige psykosar, vere farlege for seg sjølv og andre. Det er mangel på ressursar, kompetanse og nok mengdetrening for fagmiljøa i den einskilde kommune. Tenesta har også eit stort ansvar for eigen, naboar og tenestemottakarane si tryggleik.</p> <p>Behov for slike bustader er i dag mellom 8 og 15 einingar. Eit bu-fellesskap med til dømes 2 avdelingar med plass til 6 private husvære i kvar, ville løyst mange utfordringar - både med omsyn til personell og brukaren. Dette vil krevje ca 23 årsverk og eigen hybel for dei tilsette som «med-lever».</p> <p>Det er også viktig med felles areal, uteareal og høve til besøk frå pårørande</p> <p>Viktige kriterium for plassering:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- natur med høve til turgåing</li> <li>- kollektiv transport</li> <li>- aktivitet</li> <li>- butikk</li> <li>- nærleik til Øyande DPS - sentral som rettleiar og som reiser ut til brukarane</li> <li>- variert tenestetilbod og andre helse- og omsorgstilbod</li> </ul> <p>Denne tenesta er ikkje underlagt særlovgiving og det må etablerast tydelege avtaler, ansvarsfordeling og kostnadsfordeling mellom spesialisthelsetenesta og kommunane.</p> <p>Rådmannen i Fjell informerte om at kommunen har under vurdering to tomтар like i nærleiken i DPS. Tilskotsordningane er gode og det er eit godt tidspunkt å vidareføre dette arbeidet no.</p> <p><b>Rapport frå IKT-rådet. Framlegg til revidert handlingsplan v/Marit Rinnan</b></p> <p>Kommunane held fram med satsingsområda slik dei er skissert i strategiplanen, med følgjande presisering:</p> <p><i>Betere saman for barna</i> - dette vert ikkje vidareført før kommunane gjev klarsignal.<br/> <i>Samarbeidet innan plan, bygg og oppmåling</i> – ei arbeidsgruppe er i gong med å utvikla eigen portal</p> |

*Omsorgs- og helseteknologi* – pr i dag er det ingen av kommunane som er i gong med store prosjekt. Rådmannsgruppa er positiv til at rådet ser vidare på dette, men det vert ikkje tid til å sende inn søknader til denne søknadsrunden.

Rådmannen i Sund informerte om at kommunen tenkjer å innreia ei eiga omsorgseining der ny tilgjengeleg teknologi vert installert. Han meiner denne eininga kan vere ein pilot for interkommunalt samarbeid.

*Felles journal for Jordmor Heim* støttar IKT-rådet også opp om. Også innanfor skulesamarbeid og *SvarUT* er det IKT-samarbeid på tvers av kommunegrensene.

***Status – Regional samarbeid arealdisponering av næringsareal og strandsone v/ Gerhard Inge Storebø***

Er ikkje kome heilt i gong, men har gjort ein del førearbeid.

Fekk 300.000 i midlar - desse er rapportert på. Har også søkt om RUP midlar, men fekk ikkje tilslag. Hatt ein runde med næringsavdelinga på fylket - og blitt oppfordra til å søkje på nytt. Søknaden vert sendt snart.

Har prioritert plan for næringsareal før strandsoneplan- dette for å knyta planen opp mot fylket sin regionale næringsarealplan.

Eit ope møte i prosessen knytt til «Regional plan for areal og transport i Bergensregionen» - med «næringsareal» som tema er under planlegging. Datoen vert mest sannsynleg **24. juni**.

Fylkeskommunen har engasjert innleiarar både frå privat og offentleg sektor. I målgruppa vil særleg politikarane frå referansegruppa knytt til næringsareal vera aktuelle, i tillegg til næringslivsrepresentantar.

Vidare plan med arbeidet er å få etablert organisasjonen og invitere dei valte politikarane i politisk referansegruppe til møte. Både Vest Næringsråd og Askøy næringsråd sluttar seg til det arbeid som kommunane er i gong med.

Må avklara kva status ein regionalplan får, er den juridisk bindande og kan til dømes reguleringsføresegernene hindre kommunane i sine planar.

Fylkesmannen vil bruke den regionale planen i sin argumentasjon for eventuelt å komme med merknader.

Plan og byggesak:

Kjem med ei sak om *felles landbrukskontor* – utgreiingsarbeid er gjennomført.

Rådmenna har utfordra underteikna og Per Hillestad på vidare planlegging av prosjektet *Betre sama for barna*.

Sjølv om ein ikkje nådde alle måla, så er grunnlaget lagt for å vidareføre samarbeidet. Oppgåvene kjem til kommunane og vil krevje ressursar og kompetanse. Vil levere ein rapport om arbeidet så langt.

Informerer om komande konferanse 4. juni på Askøy der ny leiar i Bufetat skal vere med. Tema er fordeling av oppgåver mellom stat og kommune.

***Orientering om årsmøte i Felles Ansvar v/ Åsta Årøen***

Prosjektet er avslutta - vellukka avslutningsseminar med 40 deltakrar.

Er ikkje nokon tilsette i prosjektet no, men igangsette tiltak vert fylgt opp.

Får levert IT-tjenester frå Askøy og revisjon frå Fjell. Når det gjeld rekneskapstenester foreslår Regionrådet Vest at ein kjøper tjenester frå rekneskapsbyrå. Budsjettet for 2014 er på ca kr 150.000,- for 2015 vil det

|       |  |
|-------|--|
|       | <p>forhåpentlegvis ligge kring kr 500.000,-.</p> <p>Årsmøtet måtte utsetjast for det var for dårlig påmelding. Ny årsmøtedato er <u>6. juni</u> i Fjell.</p> <p>Åsta Årøen utarbeider eit notat til rådmenna der ho informerer om vidare drift av Felles Ansvar.</p>   |
| 11/14 | <p><b>Val av representant frå Region Vest til Prospekt Kulturminneplan i kommunane</b></p> <p>Regionrådet Vest fremjar kulturkonsulent i Fjell kommune, Berit Vik, som sin representant til Hordaland Fylke sitt arbeid med Kulturminneplan i kommunane 2013 – 2016.</p> <p>Som alternativ 2 vert foreslått direktør på Kystmuseet i Øygarden, Bjørg Christophersen.</p> <p>Andre medlemmer er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Per Morten Ekerhovd, fylkeskonservator ,Hordaland fylkeskommune - Leiar</li> <li>○ Egil Hauge, Fylkesmannen i Hordaland</li> <li>○ Marit Rødseth, Plansjef, Hordaland fylkeskommune</li> <li>○ Ellen Tveit, Sveio kommune, Samarbeidsråd for Sunnhordland</li> <li>○ Knut Markhus, Kvam herad, Hardangerrådet</li> <li>○ Trygve Solløs, Museum Vest</li> <li>○ Rune Heradstveit, Regionråd Nordhordland IKS</li> <li>○</li> </ul> |
| 12/14 | <p><b>Informasjon v/styreleiar Eli Årdal Berland</b></p> <p>Ønskjer at det vert laga oversikt over alle regionale planar som gjeld for Bergensregionen og som omfattar kommunane i Regionrådet Vest. Dette gjeld planar som mellom anna Hordaland fylkeskommune, BRB, Bergensallianse m.m utformar.</p> <p>Vi må få avklart kva planar som er førande og juridisk bindande og som vil føre til at kommunane sine eigne planar må omformulerast.</p> <p>Ordføraren vil, etter sommarferien, leggje til rette for at politisk og administrativ leiing i dei 4 kommunane får oppdatert informasjon om Lokalmedisinsk senter.</p>  |
| 13/14 | <p><b>Eventuelt</b></p> <p>Medlemmane i Regionrådet Vest oppdaterte kvarandre på den politiske stoda kring spørsmål om kommunestruktur.</p> <p>Dei ser for seg at det i løpet av hausten 2015 vert klart kva oppgåver som skal overførast frå staten til kommunane og at det i 2017 vert innført eit nytt inntektssystem.</p> <p>Det har vore drøftingar om etablering av eit regionalt tryggleiks- og beredskapsenter. Alle dei 4 kommunane i regionen har vore representerte. Vigleik Brekke og Marit Rinnan er med i strategiarbeidet og planane skal forankra politisk i kommunane.</p> <p>Grunna føringar i proposisjonen om kommunereform signaliserte rådmann i Fjell at kommunen vil vere forsiktig med å ta på seg vertskapskommune-rolla i langvarig og forpliktande interkommunalt samarbeid.</p>   |

## VEDLEGG 4

### Søknader frå Regionrådet Vest på skjønsmidlar til fornying og utvikling 2014

| <b>Namn på søknaden</b>  | <b>Kva kommunar står bak</b>                          | <b>Prioritering</b> |
|--|---|---------------------|
| <i>Kompetansehevingsmidlar i høve Kommunereformen for administrativ og politisk leiing, Regionrådet Vest</i> | <i>Askøy, Fjell, Sund og Øygarden</i>                 | <b>1</b>            |
| <i>Bygningsvernkonsulent i Region Vest - vidareføring</i>  | <i>Askøy, Fjell, Sund og Øygarden</i>                 | <b>2</b>            |
| <i>Vidareutvikling av Frisklivs- og meistringssenter</i>   | <i>Askøy, Fjell, Sund og Øygarden</i>                 | <b>3</b>            |
| <i>Regionale tiltak barnevern</i>  |   | <b>4</b>            |
| <i>Debatt og opplevelser på tvers</i>  | <i>Askøy, Fjell, Sund og Øygarden</i>                 | <b>5</b>            |
| <i>Frisklivssentralen på Askøy som del av tjenestetilbuet til kreftpasienter</i>                             | <i>Askøy</i>  | <b>6</b>            |
| <i>Helsebrett – pilotering/ utvikling av nettbrett for legar</i>   | <i>Fjell</i>  | <b>7</b>            |
| <i>Utvikling av IKT-løysing for koordinering av frivillig innsats og private tenester</i>                    | <i>Fjell<br/>(samarbeid med Sintef og InnoMed)</i>    | <b>8</b>            |
| <i>Musikkterapi for barn med store og samansette vanskar i barnehage og skole</i>                            | <i>Askøy</i>  | <b>9</b>            |
| <i>Aktivitetstilbod for eldre i Sotra Arena</i>  | <i>Fjell<br/>(samarbeid med Sintef og InnoMed)</i>    | <b>10</b>           |
| <i>Innsats for andre</i>   | <i>Fjell<br/>(Samarbeidsprosjekt skule og omsorg)</i> | <b>11</b>           |
| <i>Bærekraftig samhandling- ein modell for nyskapande drift av utviklingsorienterte kommunar</i>             | <i>Fjell</i>  | <b>12</b>           |



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
03.09.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/10604  
Dykkar referanse

### Kommunane i Hordaland

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 13, 5902 Isdalstø  
Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik  
Regionrådet Vest, Postboks 184, 5342 Straume  
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

### **Skjønsmidlar til fornyings- og utviklingsprosjekt i kommunane - 2014**

Fylkesmannen har i brev av 22.04. d.å. invitert kommunane til å søkje om skjønsmidlar til fornyings- og utviklingsprosjekt. Prosjektmidlane er ein del av skjønsmidlane, som inngår i rammeoverføring. Fylkesmannen har tidlegare fordelt kr. 113,8 mill. av den samla skjønsramma på kr. 137,5 mill. i fylket for i år.

Av den delen av skjønsmidlane som står att (kr. 23,7 mill.), blir no kr. 16,7 mill. fordelt som prosjektmidlar til fornying- og utviklingsprosjekt i kommunane. Fordelinga av prosjektmidlar er gjort etter at Fylkesmannen har motteke til saman 61 søknader frå kommunane. Samla søknadsbeløp er kr. 32 ½ mill.

I vårt brev av 22.04.d .å. er det gjort nærmere greie for ny prosess i samband med tildelinga. Regionråda har no fått ei koordinerande rolle i samband med søkerprosessen og rapporteringa, for å få til ei sterkare interkommunal forankring på høgt politisk nivå, også med sikte på prioritering mellom søker og prosjekt.

Vi har i tildelinga i stor grad bygd på regionråda sine prioriteringar mellom prosjekt-søknadene.

Fylkesmannen legg elles til grunn følgjande ved tildelinga av skjønsmidlar til fornying og utvikling:

i første rekke tilskot til utviklingsarbeid når dette blir organisert gjennom inter-kommunalt samarbeid

kommunane må sjølv delta økonomisk eller med arbeid. Hovudregelen er at skjøns-midlane ikkje skal utgjere meir enn 50 prosent av kostnadene

det skal ikkje vere eit årleg tilskot over ein lengre periode. Det skal først og fremst vere tilskot i samband med oppstartig

det blir ikkje gitt tilskot når hovudføremålet er næringsutvikling.

Det er i samsvar med Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine retningslinjer.

Vedlagt følgjer oversyn over dei tiltaka som får prosjektmidlar i år. Oversynet blir lagt på heimesida vår under «Kommunal fornying». Her vil vi etter kvart også presentere nærmare nokre av prosjekta som har motteke tilskot.

Innan 01.februar 2015 ber vi alle som er tildelt midlar gi tilbakemelding om det som er gjort og korleis midlane er brukte. Fylkesmannen vil leggje ut ein mal for tilbakemelding på heime-sida.

Vi ønskjer lukke til med prosjekta !

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

**2014**

**Oversyn prosjektsøknader - søknader ført på sak 2014 / 5086**

**Beløp i kr.  
1.000,-**

**Nummer på søknad ført under sak 2014/5086 står oppført saman med tekst**

| Kommune    | K.nr                  | Tema   | Søknad   | Pri<br>i<br>reg.rå<br>det | Søk.<br>beløp | Tilskot |
|------------|-----------------------|--|--|---------------------------|---------------|---------|
|            |                       |  | .  |                           |               |         |
| Radøy      | 1260                  | Kommun<br>e-<br>struktur   | Kommunestruktur i Nordhordland. Nr. 35   | N - 2                     | 1000          | 800     |
| Sund       | 1245                  |  | Kompetanseheving i høve til Kommunereform.Nr. 26   | V - 1                     | 800           | 800     |
| Granvin    | 1234                  |  | Kommunestruktur i Hardanger.Nr. 31   |                           | 900           | 800     |
| Bømlo      | 1219                  |  | Kommunestruktur i Sunnhordland. Nr. 43   | S - 3                     | 300           | 300     |
| Austrheim  | Plan-<br>byggesa<br>k | Etablering av kaifront og torg i<br>Kystlandsbyen. Nr. 6.<br>Eiga vurdering seinare (tettstadsutvikling) |  |                           | 1550          | 0       |
| Stord      | 1221                  |  | Interkommunal strandroneplan for Sunnhordland.Nr. 71   |                           | 250           | 250     |
| Ullensvang | 1231                  |  | Felles plankontor for Ullensvang og Granvin.Nr. 54   | H - 2                     | 120           | 120     |
| Odda       |                       | Helse m/<br>barnever<br>n  | Meldingsutveksling kommunale tenester.Nr. 7  | H - 7                     | 300           | 0       |
| Fjell      |                       |  | Helsebrett - utvikling av nettbrett for legar.Nr. 13   | V - 7                     | 100           | 0       |
| Fjell      | 1246                  |  | Regionale tiltak barnevern.Nr. 20  | V - 4                     | 1250          | 1250    |
| Fjell      | 1246                  |  | Vidareutvikling av Frisklivs- og meistringssenter.Nr. 21   | V - 3                     | 550           | 310     |
| Odda       | 1228                  |  | Velferdsteknologi.Nr. 22   | H - 10                    | 100           | 100     |
| Askøy      | 1247                  |  | Frisklivssentral som del av tenestetilbodet<br>til kreftspasientar på Askøy.Samarbeid med nr. 21. Nr. 23 | V - 6                     | 500           | 310     |
| Fjell      |                       |  | Aktivitetstilbod for eldre i Sotra Arena.Nr. 24  | V - 10                    | 300           | 0       |
| Lindås     |                       |  | Implementering og utvikling av babyprogrammet  | N - 9                     | 200           | 0       |

"De utrolige årene". Nr. 27

|            |  |  |       |      |      |
|------------|--|--|-------|------|------|
| Bømlo      | 1219   | Samarbeid om lærings- og meistringstilbod i pasientforløp for hjartepasientar. Nr. 28  | S - 4 | 310  | 310  |
| Kvam       | 1238   | Folkehelse og Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss.Nr. 29   | H - 1 | 742  | 650  |
| Kvam       |  | LMS nettverk - vidareføring. Modell for samhandling mellom helsepersonell. Nr. 30  | H - 6 | 150  | 0    |
| Radøy      | 1260   | Interkommunalt samarbeid om folkehelsearbeid i Nordhordland. Nr. 40  | N - 7 | 300  | 300  |
| Fjell      |  | Utvikling av IKT-løysing for koordinering av frivillig innsats og private tenester.Nr. 25  | V - 8 | 250  | 0    |
| Vaksdal    |  | Innsats fra pleie og reparasjon til meir førebygging og rehabilitering.Nr. 47  |       | 350  | 0    |
| Lindås     | 1263   | Kompetanseutvikling langs pasientforløp i interkommunalt tilbod ØH - D/legevakt. Nr. 50  | N - 5 | 600  | 500  |
| Lindås     | 1263   | Helsehus for Nordhordland. Nr. 70 + 41   | N - 1 | 600  | 600  |
| Radøy      | 1260   | Interkommunalt samarbeid om kompetansebygging, læring- og meistringssenter i Nordhordland. Nr. 52  | N - 4 | 150  | 150  |
| Bergen     |  | Utvikling av modell for kvardagsrehabilitering i Bergen kommune. Nr. 59  |       | 1500 | 0    |
| Kvam       |  | Frå integrering til inkludering. Betre inkludering av flyktningar/innvandrarar i Kvam kommune. Nr. 60  | H - 9 | 400  | 0    |
| Bergen     | 1201   | Kompetanseheving psykisk og fysisk helse flyktningar. Nr. 62   |       | 500  | 500  |
| Bergen     | 1201   | Utgreiingsarbeid etablering av helsescreening for nyankomne flyktningar. Nr. 63 + 64   |       | 500  | 500  |
| Ullensvang | 1231   | Radon prosjekt i Ullensvang. Nr. 67  |       | 400  | 400  |
| Austrheim  | 1264<br>Brann-<br>og<br>beredsk-<br>aps-<br>samarbe-<br>id | Førebygging av utmarksbrann.Nr. 46<br>- saman med Fedje og Radøy   | N - 6 | 750  | 500  |
| Bergen     | 1201   | Studie for etablering av Regionalt operasjonssenter for samfunnskritiske infrastrukturar, institusjonar og beredskap i Hordalandsregionen.Nr. 55 |       | 3000 | 2300 |
| Bergen     |  | Regionalt senter for samfunnstryggleik og beredskap.Nr. 57   |       | 800  | 0    |

|         |                              |  |        |     |     |
|---------|------------------------------|--|--------|-----|-----|
| Bergen  | 1201                         | Moglege samarbeidsløysingar for brann- og redningstenesta i bergensregionen. Nr. 69  |        | 400 | 400 |
| Bergen  | Miljø-<br>vern               | Klimaservice Hordaland. Nr. 2<br>Kan søkje på nytt for 2015  |        | 800 | 0   |
| Etne    |                              | Heving av båtvrek.Nr. 5  | S - 2  | 305 | 0   |
| Bergen  |                              | Resipientundersøking av fjordsystem rundt Bergen 2011 - 2015. Nr. 9 + 49   |        | 600 | 0   |
| Fitjar  | 1222                         | Friluftsrådet Vest. Nært og kjært. Nr. 16  | S - 1  | 300 | 300 |
| Modalen | 1252                         | Nordhordland Biosfæreområde - vestnorsk kystlandskap.Nr. 37  | N - 3  | 300 | 300 |
| Bergen  | 1201                         | Grønt Energipunkt Danmarkspllass.Nr. 53  |        | 500 | 500 |
| Vaksdal |                              | Interkommunalt samarbeid om spreidde avløp.Nr. 56  |        | 600 | 0   |
| Bergen  | 1201                         | Bergingsaksjon for elvemusling i Hordaland. Nr. 65   |        | 650 | 305 |
| Fusa    |                              | Løysingar for hestemøkk i Hordaland. Nr. 68  |        | 175 | 0   |
| Askøy   | Barnehage<br>og<br>utdanning | Musikkterapi til barn med store og samansatte vanskar i barnehage og skule. Nr. 3  | V - 9  | 533 | 0   |
| Sveio   |                              | Kompetanseheving for leiarar og administrativt personale i barnehage og skule. Nr. 11  |        | 428 | 0   |
| Fjell   |                              | Innsats for andre. Innföra nytt valfag ved Fjell ungdomsskule frå hausten 2014. Nr. 12   | V - 11 | 200 | 0   |
| Odda    |                              | Felles kvalitetssystem Kvam - Odda PLUS. Interkommunalt samarbeid om felles kvalitetssystem for skule og barnehage. Nr. 15               | H - 8  | 300 | 0   |
| Voss    | 1235                         | Den gode barnehage. Felles gode standardarar i møte med barna eller barnegruppa. Nr. 33  |        | 600 | 600 |
| Vaksdal |                              | Innovasjonsprosjekt for interaktiv undervisning mellom skular.Nr. 48   |        | 500 | 0   |
| Vaksdal | 1251                         | Kompeta<br>nse<br>utvikling<br>Gjere ei definert målgruppe kvalifisert for yrkeslivet, særleg kvalifisering innafor helsesektoren.Nr. 10 |        | 800 | 800 |
| Odda    | 1228                         | Traineeordning i Hardanger. Plan for å tiltrekke og behalde unge menneske med høgare utdanning til Hardanger. Nr. 14                     | H - 3  | 160 | 160 |

|              |                  |   |              |              |              |
|--------------|------------------|---|--------------|--------------|--------------|
| Fjell        |                  | Berekraftig samhandling. Auka kompetanseutvikling for tilsette slik at innbyggjarane er sikra eit tenestetilbod i takt med endringane i befolkningssamansetjinga og tenestene. Nr. 17 | V - 12       | 946          | 0            |
| Osterøy      |                  | Gevinstrealisering i Nordhordland. Kunnskap om gevinstrealisering hos prosjekt- og avdelingsleiarar i dei kommunane som deltek. Nr. 32  | N - 8        | 320          | 0            |
| Stord        |                  | Innovasjon i offentleg sektor. Nr. 34   | Studietur    | S - 5        | 97           |
| Kvam         | 1238             | Etablering av Kvam Familie og læringscenter 2014-2015. Nr. 51   | H - 4        | 1050         | 1050         |
| Granvin      | Andre<br>føremål | Trebygda Granvin. Nr. 72<br>Eiga vurdering seinare (tettstadsutvikling)   | H - 5        | 400          | 0            |
| Bergen       |                  | Kartfesting av Bergen byleksikon. Nr. 45 + nr. 66   |              | 450          | 0            |
| <b>Fjell</b> | <b>1246</b>      | <b>Bygningsvernkonsulent i Region Vest. Nr. 18</b>  | <b>V - 2</b> | <b>285</b>   | <b>285</b>   |
| <b>Fjell</b> | <b>1246</b>      | <b>Debatt og oppleveling på tvers. Biblioteka i Vest.Nr. 19<br/>(også for kommunane Askøy, Sund og Øygarden )</b>   | <b>V - 5</b> | <b>250</b>   | <b>250</b>   |
| Bergen       |                  | Mangfoldiggjering av boka "BYPLANEN", ein historie om utviklinga av Bergen kommune. Nr. 38  |              | 50           | 0            |
| Bergen       |                  | Utvikling av Bergen som nasjonal veteranbåthamn.Nr. 58  |              | 500          | 0            |
| Bergen       |                  | Utvikling av integrasjon mellom Agresso og fagsystemet Portico.Nr. 61   |              | 500          | 0            |
| <b>SUM</b>   |                  |   |              | <b>32521</b> | <b>16700</b> |

